



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
15/251821-20

Dykkar referanse:

Vår dato:
27.04.2018

Reguleringsplan for Hillesvåg – gnr. 196 bnr. 21 og 30 i Lindås kommune

Vi viser til nytt framlegg til reguleringsplan for Hillesvåg motteke 05.04.2018, oppdatert plankart motteke i epost 13.04.2018, samt tidlegare korrespondanse i saka.

Om nytt planforslag

Planforslaget er no utbetra på dei punkta vi hadde vesentlege merknader til då vi fremja motsegn til planforslaget. Dei tekniske løysingane som er vist i plankartet og framlegg til føresegner sikrar at trafikktryggleiken vert ivareteke i dei ulike utbyggingsfasane. Plankartet viser òg føresegningsområde for anlegg og rigg, som sikrar at veganlegga i planen kan byggast. Dette er bra.

Statens vegvesen har no kun eit punkt som vi ber om at vert endra i føresegnene, før planen etter vårt syn er tilfredsstillande. Dette gjeld § 0.6 Byggegrenser, første kulepunkt:

- *Tiltak som trapper og støttemurar kan plasserast utanfor byggegrense. Tiltaka skal vera vist på situasjonskart ved byggjesøknad.*

Statens vegvesen har vore i dialog med kommunen om dette punktet, og har fått tilbakemelding om at unntaket primært er tiltenkt områda som ikkje grensar mot veg. Vi ber difor kommunen om å omformulere denne føresegna, slik at det kjem fram at tiltak som murar og støttefyllingar ikkje skal plasserast i strid med byggegrensa mot veg.

Når denne endringa er gjort vil Statens vegvesen gi melding til Fylkesmannen i Hordaland om at vår motsegn er trekt.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Ing. Taule AS, Kvassnesvegen 33, 5914 ISDALSTØ
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ